

**Fra:** Victor Ebbesvik (Victor.Ebbesvik@ks.no)

**Sendt:** 23.03.2017 11:25:03

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** VS: Studietur til Brussel hausten 2017

**Vedlegg:** image001.gif

---

**Fra:** Victor Ebbesvik

**Sendt:** 23. mars 2017 11:20

**Til:** Hordaland fylkeskommune; Bergen kommune; Etne kommune; Sveio kommune; Bømlo kommune; Stord kommune; Fitjar kommune; Tysnes kommune; Kvinnherad kommune; Jondal kommune; Odda kommune; Ullensvang kommune; Eidfjord kommune; Ulvik herad; Granvin herad; Voss kommune; Kvam herad; Fusa kommune; Samnanger kommune; Os kommune Hordaland; Austevoll kommune; Sund kommune; Fjell kommune; Askøy kommune; Vaksdal kommune; Modalen kommune; Osterøy kommune; Meland kommune; Øygarden kommune; Radøy kommune; Lindås kommune; Austrheim kommune; Fedje kommune; Masfjorden kommune

**Kopi:** Fylke Hordaland

**Emne:** Studietur til Brussel hausten 2017

---

Vi ber om at postmottak vidaresender e-posten til ordførar og rådmann. På førehand takk for hjelpa.

---

*EU politikk, EU institusjonane, kva påverknad har EU på norsk kommunepolitikk, kva gjer KS i Brussel, EØS, moules frites(blåskjell og pommes frites), belgiske vaflar, belgisk sjokolade, Grand Place , kraftfullt belgisk øl for dei som drikk slikt, godt samver med gode kollegaer....*

Dette og mykje meir kan du få kunnskap om og oppleve dersom du vert med KS Hordaland på :

## Studietur til Brussel onsdag 04. – fredag. 06. oktober 2017.

Det er nærmere fem år sidan KS Hordaland sist arrangerte ein studietur til Brussel. Sidan den gong har det vore stor utskifting både blant ordførarar og rådmenn.

Vi trur derfor at ein ny tur til hausten vil gje mykje ny og nyttig kunnskap både om kva som « rører» seg i EU for tida, og korleis avgjersler der har innverknad på kommunane i Norge. Ved hjelp av KS sitt eige Brusselkontor meiner vi at vi skal kunne lage eit relevant og matnyttig program for deltakarane.

Vi legg opp til at deltakarane sjølv tingar flybilletter. Erfaring frå tidlegare er at folk ønskjer å reise til litt ulike tider, og dei som vil ha ei helg med på kjøpet i hjarte av Europa har jo no høve til det.

Vårt program startar med felles middag onsdag kveld, og held fram med fagleg program torsdag og fredag . Det går høvelege fly frå Bergen onsdag ved 13.-14 tida og med retur fredag ettermiddag/kveld.

*I første omgang er dette eit varsel om tidspunkt for studieturen. Vi vil no starte arbeidet med innhaldet i opplegget, booke felles hotell m.v.*

I og med at innhaldet i samlinga ikkje er lagt, tek vi gjerne i mot innspel til konkrete tema de kan tenkje dykk vert sett på dagsorden.

Av omsyn til planlegging og logistikk ville eg setje umåteleg stor pris på om du - når du les dette sender meg eit umiddelbart svar attende om det er aktuelt for deg å delta eller ikkje. Dette er sjølv sagt heilt uforpliktande, men det er nyttig for oss å vite om vi skal leggje til rette for 15 eller 60 deltakrar.

Vi vonar du finn dette tilbodet interessant og ønskjer å vere med, så vil i om ikkje så alt for lenge kome attende

med eit endeleg tilbod, program , påmelding o.s.b. !

Beste helsing

**Victor Ebbesvik**

Seniorrådgjevar

Senior Advicer

Epost Email: [victor.ebbesvik@ks.no](mailto:victor.ebbesvik@ks.no)

Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00

Mobil Cellular: (+47) 91 14 82 73

<http://www.ks.no>



KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON  
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities